

Sigurd Skirbekk:

Det typiske Oslomålet.

Typisk for Noreg eller for Europa?

(Dag og Tid, desember 2014)

I 1964 hadde eg vore eit heilt år i Amerika. No gledde eg meg til å koma heim og høyre norsk tungemål kring meg. Eg møtte tidleg opp på *Oslofjord*, som den gongen trafikkerte ruta New York–Oslo. Eg sette meg til rette i ein fluktsol på dekk for å høyre landsmenn snakka norsk. Men det eg høyrde, serleg frå yngre, var eit språk som i uttrykksmåte, om ikkje i ord, fekk meg til å spørja for meg sjølv: Er dette mine landsmenn?

Eg har seinare tenkt at eg kanskje overreagerte den gongen. Men mykje talar for at eg ikkje var åleine om å oppfatta typiske trekk ved Oslomålet som noko framand. Den sterke statusen til dialektar her i landet kan tydst i den leia. Det finst knapt noko anna europeisk land der så mange talar dialekt i nasjonalforsamling som i Noreg. Oppmodinga til lærarar om så at dei, langt som råd, skal nytta talemålet til elevane i undervisninga si, er også eit sersyn. Dette krev ei forklaring. Kvifor er det så mange som ikkje kjenner seg heime i det talespråket som til dømes programleiarar i radio og fjernsyn nyttar, når dei skal tala munnleg til alt folket, til dømes i barneprogram eller i matprogram?

Noko av det som folk elles i landet reagerer på, gjeld fonetikken meir enn ordvalet. Eit karakteristisk trekk ved talemålet til mange

i Oslo er at dei hevar stemmen, mest etter kvar setning. Dette bryt med den jamvektsregelen som elles pregar dialektane på Austlandet. Det er ikkje berre folk frå Distrikt-Noreg som reagerer på dette. Ifylje Sylfest Lomheim finst det ikkje eit einaste europeisk språk der talemålet har eit slikt preg. Kva er det så som har gitt eit utbreidd talemål i Oslo eit slikt karakteristisk trekk? Det kan utan tvil bli gitt fleire forklaringar på fenomenet. Men ikkje alle forklaringar er like gode.

Fenomenet kan ikkje forklarast med at Osломålet er meir nyansert enn det vi finn i resten av landet. Tvert om, når eit talemål ikkje skil mellom konstaterande og spørjande talemåtar, er det heller snakk om ein mangel på nyansering. Ei enkel utsegn som *bilen står her* får ulik meining om den som kjem med utsegna, går opp på siste staving eller nyttar "flat uttale".

Ni fråga hele tiden var det ein svenske som sa. Han hadde også merka seg det underlege ved denne måten å tala på. Her kunne ein nordmann ha svara at dette nok kan vera typisk for talemålet til ein del Oslofolk, kanskje serleg yngre og kanskje serleg kvinner. Men det er ikkje typisk for norske dialekttradisjonar, og dei er trass alt målestokken for dei fleste i Noreg.

Her vil eg trekka fram tre forklaringar, grovt sett knytt til syttenhundretalet, til attenhundretalet og til nittenhundretalet. I vår tid har ikkje minst historieprofessoren Øystein Rian, med spesiale på perioden 1536 til 1814, argumentert for forklaringar med røter attende til "dansketida". Rian har hevda at Stockholm i dag verkar meir svensk og København verkar meir dansk enn Oslo verkar norsk. Bakgrunnen for dette vil han utleie frå ei langvarig historie der Christinia hadde status som ein dansk provinshovudstad, og der dei styrande måtte forholde seg til København heller enn til norske tradisjonar.

Det har vore sagt at danske språk aldri har vore meir utbreidd i Noreg enn i tida rundt 1814. Men etter kvart som utviklinga i Noreg peika mot demokratiske tilhøve, førte dette til at både embetsmenn og andre "kondisjonerte" kunne oppleve ein sosial usikkerheit for ikkje å vera nasjonens rettmessige talsmenn. Noko som i sin tur førte dels til ein overdriven romantisering av sjølvstendige bønder og dels til ei urimeleg nedvurdering av "almuen" og deira språk.

Ei seinare forklaring kan ha samanheng med den sterke innflyttinga til Kristiania frå slutten av attenhundretalet. Det var serleg frå distrikta rundt byen at industriarbeidarane kom. Dette vart sett som ei utfordring for borgarskapet i Kristiania. Dette borgarskapet kom til å nytta fleire strategiar for å markera skillet mellom seg og innflyttarane, frå etablering av eigne arbeidarstrøk, til lønneforhold, klemotar og språk. Skilnadene hadde eit klårt klassepreg, der språkformene til borgarskapet i Kristiania vart rekna som eit finare språk. Fråveret av hokjønn var eit slikt skiljemerke - trass i, eller nettopp fordi, dette har vore eit trekk som har gått igjen i alle norske dialektar. Boka skulle heite boken, i alle samanhengar. Hytten og hytta fekk ulike bruksområder. Også på andre måtar vart utalen av a-en gjort til eit skilje mellom danna og udanna tale. Der Østfolddialekten hadde djupe a-er, vart det eit daningsmerke å ha høge a-er; jfr. den lokale uttalen av Fredrikstad og Lysaker.

I dag er kanskje ikkje dei nasjonale og sosiale skiljelinene like markante som tidlegare når det gjeld språkbruken. Både element frå austkantmålet og innvandrarspråk har vorte meir aksepterte i Oslo. Det same gjeld typiske norske dialektar. Men no er det eit anna fenomen som har vorte meir aktuelt; eit fenomen som serleg gjer seg gjeldande i Osloområdet. Det gjeld bruken av engelsk i nær sagt alle samanhengar. Engelsk har fortrengt dansk

som referanse for det som gir sosial prestisje, sett i forhold til norsk språk som kan bli sett på som noko litt gamaldags. Mykje talar for at serleg folk i Oslo har gjort engelske ord og uttrykk til eit kjenneteikn for dei som vil vera "in".

Over halvparten av butikkskilta i den norsk hovudstaden er i våre dagar på engelsk. Nesten alle songtekstar er på engelsk. Ein kan knapt koma inn i eit varehus utan å bli møtt av amerikanisert musak. Det verkar påfallande kor lite kultureliten har gjort motstand mot ein engelskspråkleg popkultur eller mot engelskinspirerte menneskeideal i visuell reklame. Her er det gjerne sensuelle kvinnekroppar som vert dyrka, i kontrast til puritanske tradisjonar i norske bygder. Ikkje minst kvinnerolla i ulike livsstilblad peikar seg ut. Kvinner kan reagere ulikt på desse ideala. Dels med høgstemt stemmebruk for å syna kor glade og frigjorte dei er. Dels med depresjonar, som statistisk sett er serleg utbreidde mellom yngre kvinner.

Eit språk med pretensjonar om å vera eit nasjonalspråk, må kunna forholde seg til historiske dimensjonar i det landet som hovudstaden skal representera. Når det gjeld karakteristiske trekk ved talemålet i Osloområdet, er det mykje som kunne seiast. Her er det som om fleire historiske dimensjonar manglar, noko som må ha ført til ein nasjonal usikkerheit mellom mange som nyttar dette språket. Utbreiinga av humor som ironisering kan bli sett som ein strategi for å dekkja over denne usikkerheita. Eit bråkjevt her-og-no-språk er knapt egna til identifikasjon med fortidig mentalitet og tenkjemåte. Dermed er det også sagt noko om ei innskrenka realitetsorientering mellom folk som ikkje ser det historisk relative ved samtidige formar for orientering.

Her kjem vi inn på eit stort fagfelt, om korleis språk påverkar mentalitet, korleis mentalitet påverkar tankemønstre og korleis

tankemønstre strukturerer vår situasjonsforståing som i sin tur påverkar våre handlingar, som kan vera funksjonelle eller dysfunksjonelle i forhold til nære og fjerne utfordringar. Det vil her vera snakk om disposisjonar, ikkje determinering.

Språkformer med svake røter til fortidige levekår kan verka historisk innskrenkande. Men det er ikkje berre i forhold til tidlegare kulturformer at ein slik mentalitet og tenkjemåte blir problematisk. Ein manglande sans for den historiske relativiteten ved typiske talemåtar i vår samtid fører lett til ein fantasifattigdom, også når det gjeld framtidige orienteringsmåtar. – På eit abstrakt nivå kan nok folk frå alle sosial lag snakke om at eit framtidig samfunn, med økologiske utfordringar som vil krevje andre orienteringsmåtar enn dei som er typiske for vår tid. Like fullt er det som om fantasien om framtidige orienteringsmåtar, basert på tilpassing til knappe ressursar, ikkje får ordentleg tak i folk som er alt for bundne av ei samtidig orientering.

Lat det vera sagt: Dette essayet kan lesast som eit utspel frå ein lekmann. Ballen er med det sparka over til andre, meir profesjonelle spelarar.

